

Folkemøte kommuneplanen sin arealdel

Referat

Møtedato:	26.01.2023	Møtestad:	Bygstad samfunnshus
Til stades:	120 stykkjar		

Møteleiar:	Plansjef Odd Harry Strømsli
-------------------	------------------------------------

Ordførar Jenny Følling ønskte velkomen. Ho sa det er viktig å få på plass ein arealplan for heile kommunen. I dag er det ulike planar og litt utfordrande med ulike reglar.

Det har vore eit stort engasjement med mange innspel til planoppstarten.

Anne Lilleaasen presenterte nærmiljørådet.

Trond Myklebust frå rådet presenterte litt om kva Bygstad utvikling jobbar med for å skape engasjement rundt stadutvikling og skape attraktive bumiljø.

Å gjere Bygstad endå meir attraktivt ved:

- BETRE VEG og bustadutvikling
- Tilkomst til fjord og fjell, badeplassar, stiar, møteplassar
- Utvikle gode lokalmiljø med møtestader, aktivitetar, næring, kultur og idrett

Saman må vi legge til rette for trivsel, tilflytting, nyskaping og betre infrastruktur.

Vi kan ikkje berre leve av vakker natur i Bygstad, vi treng trygge gode skulevegar og pendlarvegar. Svært mange skuleborn reiser i skulebuss pga. farleg veg.

Sjå vedlegg, første del av presentasjonen om arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel

Plansjef Odd Harry Strømsli presenterte prosessen fram til og innhaldet i kommuneplanen sin arealdel (KPA).

Han snakka om kommuneplansystemet og arealstrategien med 12 punkt som er grunnleggande for KPA.

Plan legg opp til folketalsvekst og berekraftig utvikling. Viktige tema i planen er plassering av nye bustadformål. Offentleg og privat tenesteyting, handel og næring. Omsyn til natur, kultur og fulldyrka jord. Korleis skal denne planen følgje opp samfunnsdelen og bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

Vi har ikkje fått plass til alt i denne planen, men den skal rullerast og då kan vi vurdere nye innspel.

Det har vore stort engasjement og det kom mange innspel frå Bygstad ved oppstart av planen. Alle forslaga har vore vurdert og «sila» etter kriteria fastsett av formannskapet. Det som kom gjennom «sila» er konsekvensvurdert (KU) og risiko og sårbarheitsvurdert (ROS).

Plankart og føresegner er juridisk bindande.

Alle kan kome med merknader til planen innan **fristen 28. februar.**

Skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=23/65>

Sjå heile presentasjonen i vedlegget.

Spørsmål Inger Johanne Kjøde: Det vert snakka om grunnforholda; leire i området. Det er sett av areal til bustadføremål over vårt hus. Eg hadde ikkje turt å bygge oppi bakkane der. Slepp ikkje ungane opp dit.

Svar Odd Harry Strømsli (OHS): Det er vurdert naturfare i denne prosessen, men vi kan ikkje gå ut og undersøke alt i detalj no. For neste plannivå (reguleringsplan) må grunnforhold vurderast nærmare.

Spørsmål Oddgeir Lunde: Bygstad er spesiell med at fotballbana ligg i Osen. Alle andre stader har dei fritidsareal der det bur folk. Er det vurdert trygg veg til bruk av bana i Osen.

Svar OHS: I denne runda har vi ikkje fått med oss dette, men planen skal rullerast.

Spørsmål: FN bærekraftsmål 6, reint vatn til alle innan 2030. Stor utfordring med Bygstad vassverk. No er det metallsmak av vatnet.

Svar OHS : Vatn og avløp er ikkje ein del av arealplanen.

Spørsmål Grim Erik Gillestad: Eg driv største garden her i kommunen. Håpar eg har ein eksistens i framtida. Mange gardsbruk manglar busetting. Lita handheving av bu og driveplikta. Folk vil heim og busette seg og korleis kan ein få løyve til det.

Svar OHS: LNF spreidd, områder der ein kan bygge utan å søke om dispensasjon frå LNF. Elles er det høve til to hus på garden - les føresegner- gje melding om dei er for strenge.

Spørsmål Merete Larsmoen: Geologi og devonavsetningane. 350 mill. år gammalt fjell. Geosenter i Askvoll, ønskjer at kommunen skal vere i samarbeid om det. Er unikt i samband med undervisning på universitet Bergen, Oslo og utlandet.

Svar Jenny Følling: Formannskapet i dag og prinsippvedtak om å gå inn i geoparken. Det må vidare jobbast for ein intensjonsavtale.

Kommunedelplan (KDP) fv. 57, Storehaugen - Båtevik

Ann Kristin Nes frå Vestland Fylkeskommune innleiar med å sei at fv. 57 går frå Storehaugen og til Knarvik. Den er ein viktig veg med ulike funksjonar, både for næringslivet, pendling og samanbinding av ulike bygdelag.

- Fv. 57 er ein **klasse B** veg i RTP (regional transportplan)
- Vegar med funksjonsklasse B skal prioriterast ved gjennomføring av strekningsvise standardhevingstiltak.
- Høgaste prioritert **Viktige vegar for næringslivet**
- Det vert utarbeidd **strekningvise utgreiingar** for utvalde strekningar på fylkesvegnettet. Strekningane som er vald er i funksjonsklasse B og er viktige regionale samband i fylket. Dei strekningsvise utgreiingane skal ligge til grunn for prioritering av planlegging, investeringstiltak, standardheving og vedlikehald på dei utvalde strekningane. Målet er å auke standarden på det overordna fylkesvegnettet.

Arne Kringlen frå Norconsult presenterte planprogrammet til KDP. Målet til KDP er: *Utbetring av fv 57 mellom Båtevika og Storehaugen skal styrke konkurransekrafta i næringslivet og hovudtrekka i busettingsmønsteret på aksene mellom regionsenteret Førde og HAFS-området.*

Det er sett på mange forslag til trasear både frå innbyggjarar og fagfolk og no er det redusert til 10 trasear som kan er aktuelle og realistiske. I tillegg til utbetring av eksisterande trase. Dei ulike traseane kan delast inn i 3 konsept: **Konsept A** med kryssing av Svædsundet og veg via Bygstad til Storehaugen. **Konsept B** via Osen og ulike alternativ opp til Storehaugen. **Konsept C** via Osen til E39 ein stad mellom Storehaugen i nord og Sande i sør.

Det er sett på køyretid på dei ulike traseane og alternativa med bru over Svesundet kjem ut med redusert reisetid på 5 minuttar (Båtevik – Storehugen).

Kostnaden på dette plannivået er mellom 900 millionar til 1200 millionar. (Det er +/- 40% usikkerheit).

Formannskapet i Sunnfjord kommune handsama saka 03.11.2022 og gjorde slikt vedtak:

- Kommunedelplanen skal arbeide vidare med alternativa A1, A2, B9 og utbetringalternativet.
- I arbeidet skal også moglegheitene for stegvise utbyggingar og kombinasjonar innanfor desse alternativa vurderast.

Presentasjonen ligg ved referatet.

Heile saka finn de her:

<https://sunnfjord.kommune.no/aktuelt-fra-kommunen/kommundelplan-fv-57-batevik-storehaugen-oppstart-av-planarbeid-og-planprogram-pa-hoyring.26771.aspx>

Det er ny merknadsfrist **7. februar 2023** og skjema til merknad finn de her:

<https://skjema.onacos.no/sunnfjord/prod/dialogue/SUN0065/?arkivsak=22/5848>

Spørsmål Jonny Kårstad: Ligg det noko rekneskap på meirforbruk på lengre strekningar når det gjeld drivstoff. Ei mil lengre – då brukar ein meir drivstoff vs. kortare strekninga.

Svar Arne Kringlen: Vi har teke utgangspunkt i at redusert køyretid gir mindre miljøbelastning. I neste runde vil vi ta i bruk Effekt – ei programvare som reknar ut forskjellar på ulike alternativ når det kjem til miljøbelastning.

Spørsmål Oddgeir Lunde: Når skal det handsamast i kommunestyre?

Svar Ann Kristin Nes: Førebels er det ikkje sagt noko om det. Det kjem an på prosess – kor mange innspel, kor mykje tid det tek å avklare dei. Det viktige er at vi kjem i mål, og at vi kan einast om ein trase.

Spørsmål: Hildegunn Borkamo: Bur langs Åsevegen. Vil gje ros for ryddig presentasjon. 1) Kva skal fv. 57 eigentleg løyse? Knytte regionar saman, for pendlarar og tungtransport? 2) Er det vanleg å legge transportårar gjennom bebygde strøk?

Svar Ann Kristin Nes: 1) Båtevik-Storehaug er eit punkt på fv. 57 frå Knarvik, og har funksjon som regional viktig veg. 2) B-vegar kan ein legge gjennom sentrale strøk. Det kan gje lokale ringverknader, som gang- og sykkelvegar, tryggare skulevegar osb.

Oppfølgingsspørsmål: Kan vi med dette bygge ein veg som øydelegg for naturkvalitetane i Bygstad?

Svar frå Ann Kristin Nes: Det er det eg håpar denne prosessen skal bidra til å unngå.

Spørsmål Frode Kårstad: Kvifor har siste alternativ kome inn? Det har ikkje vore med før, og det er urealistisk.

Svar Jenny Følling: Vi har kutta frå ti til fire alternativ. Ynskte å ha med alternativ som ikkje var avhengig av bru, og som kunne gje gode løysingar for Osen og

Bjørvikstranda. Men dette er vanskeleg – det er mange ulike hensyn som skal vurderast. Vi er opptekne av innspela som kjem.

Kommentar frå Kårstad: De hjelper ikkje Bjørvikstranda eller Bygstad med dette alternativet.

Anne Lilleaasen: Prognoser på auke i befolkning. Veggen kan vere ein viktig faktor for å vere attraktive. Skulen viktig å få fleire til å bu her og behalde skulen.

Arne Birkeland: Veggen til Bygstad har vore diskutert i 50 år. Berre to alternativ som er gangbare A1 og A2. Samle oss om dette. A 2 er det beste alternativet for der kan vi bygge veg i rimeleg fritt terreng. Saltkjelen er ikkje eit alternativ.

Roger Eide, bur på Holsen, foreldre i Bygstad-området: Bærekraftmål 17; samarbeid for å nå måla, Utviklingsplanar for flyplassen. Støysvake helikopter. Meir arbeid til lokale.

Svar frå OHS: Utdringar knytt til vatn og avløp ved flyplassen, må løysast før vi kan realisere planar. Det kjem nye rulleringar av arealplanen, oppmodar om å vere aktive.

Spørsmål Per Ove Kleppe: Føreligg det noko for Saltkjelen ved utbetningsalternativa.

Svar Ann Kristin Nes: Vi har rekna på drift av Saltkjelen, og det er store summar, men ikkje rekna på korleis vi kan løyse utfordringar ved Saltkjelen. Det let seg rett og slett ikkje gjere. Den blir nok liggande slik den er.

Oppfølgingskommentar Kleppe: Brua har vore snakka om i femti år – eg håpar vi no finn ei løysing. Mykje har forsvunne frå Bygstad. No må brua realiserast. Saltkjelen er eit problem, ungene må passe på kor dei går.

Ragnhild Lise Korsvoll: Presisering på påstand om at bru over Svedsundet er ein femti år gamal krangel, den er atskilleg eldre. Første artikkel i Firda 1936.

Oppsummering ved Jenny Følling

Veg engasjerer. Vi høyrer på dykk. To ting som er viktige for busetting er bustadpolitikken og veg. Gode ting som har skjedd med Bygstadhaugen med nye hus. Når ein landar er det viktig å stå samla om det. Det er viktig med innspel no og om det ikkje kjem med no, så kan det kome med i neste omgang.